

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/9687-2

Endring av vedtektene til Stiftinga Innvik Næringsutvikling

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtektene til Stiftinga Innvik Næringsutvikling.

Vedlegg:

Reviderte vedtekter godkjent av styret 19.09.19

Andre relevante dokument i saka:

Protokoll frå styremøte 19.09.19

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har oppretta Stiftinga Innvik Næringsutvikling saman med Stryn kommune. Det følgjer av vedtektene § 2 at stiftinga har som føremål «å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i 6793 Innvik».

Valretten "ligg til fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune som vel 2 representantar og formannskapet i Stryn kommune som vel 1 representant", jf. § 4.

Gjeldande vedtekter er tilgjengelege i Stiftelsesregisteret:

<https://lottstift.no/stiftelsesregisteret/UploadFile/979370989.PDF?rand=591>

Styret i stiftinga har gjort framlegg om endring av vedtektene. Ifølgje § 8 vedtek styret endringar i vedtektene, medan formannskapet i Stryn og fylkesutvalet «er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga». Vedtektsendringar skal dessutan godkjennast av Stiftelsestilsynet, som har omdanningsmyndet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Endringsforslaget

Styret foreslår endringar i §§ 1, 4 og 8. Endringane er markerte med **utheva skrift** under:

§ 1 Oppretting

[...] Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune **som frå 1.1.2020 har gått inn i Vestland fylkeskommune** og Stryn kommune. [...]

§ 4 Styret

[...] Valretten ligg til Sogn og Fjordane fylkeskommune **som frå 1.1.2020 har gått inn i Vestland fylkeskommune** som vel 2 representantar og formannskapet i Stryn kommune som vel 1 representant. [...]

Styremedlemer skal veljast mellom representantar som bur og arbeider i det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020. [...]

§ 8 Omdanning

1. Vedtektsendring

Styret vedtar endringar i vedtektene. **Fylkeskommunen** og formannskapet i Stryn kommune er høyringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga.

2. Oppløysing m.v.

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fisjonere stiftinga.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane som frå 1.1.2020 har gått inn i Vestland fylke og formannskapet i Stryn kommune er høyringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon.

Grunngjeving for endringa

Styret grunngjev endringa slik i referatet frå styremøtet:

Som følge av at stiftar av stiftinga frå 1.1.2020 blir ein del av Nye Vestland fylke, ønskjer styret å gjere endringar i vedtektene som tar omsyn til denne endringa.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vurderer at endringane er naturlege presiseringar som følge av fylkeskommunesamanslåinga, og har ikkje innvendingar mot styret sitt forslag.

Etter gjeldande vedtekter ligg valretten til fylkesutvalet. Styret sitt forslag om at «fylkeskommunen» skal velje styremedlemer, er eit betre alternativ enn at valretten skal ligge til eit bestemt utval i fylkeskommunen. Det er uansett opp til fylkeskommunen sjølv å avgjere kva organ i fylkeskommunen som skal velje styremedlemer.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet sluttar seg til styret sitt forslag til endringar i vedtektene.